

OMEGA 365 PROTEK AS
Norevegen 17
5542 KARMSUND

Dato	23.06.2026
Vår referanse	2026/34658-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ingunn Bårtvedt Skjerdal
E-post	Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no
Telefon	45723354

Fråsegn - endring av reguleringsplan etter forenkla prosess - Hyttefelt Grunnvåg - Halsnøy - Kvinnherad kommune - PlanID 20120027

Vi viser til brev datert 03.06.26 om endring av detaljreguleringsplan - Hyttefelt Grunnvågen - Halsnøy. Hovudføre målet med omregulering av gangvegen i gjeldande plan til permanent køyreveg. Vidare er det gjort nye vurderingar på bakgrunn av oppdatert kunnskapsgrunnlag, mellom anna knytt til støy og rasfare. Føresegnene er og justerte noko, slik at dei i større grad samsvarar med plankartet og dagens situasjon.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering

Planfaglege merknader

Saka gjeld endring av reguleringsplan etter forenkla prosess.

Samferdse

Me ber om at det vert presisert i føresegn § 6-2 at det skal dokumenterast gjennom ei støyfagleg utgreiing at fritidsbustader i gul støysone har støynivå ved uteopphaldsareal og fasade i samsvar med krava sett i rettleiar T-1442.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld støy. Vi ber om at merknaden vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
Fagansvarleg kommunal plan
NPI - Plan, klima og analyse

Ingunn Bårtvedt Skjerdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL

Intern sakshandsamarliste

Bjørn Skorpa Eikeland	INV - Vegforvaltning Vestland
-----------------------	-------------------------------